

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 Trondheim

Dykkar ref.:

Dykkar dato:

Vår ref.:
4-ff.2/17swb

Vår dato:
24.04.2017

Klage på vedtak, dispensasjons for oppføring av gjeterbu i Risbotnen, Førdefjella

Me syner til vedtak i verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i sak ST 5/2017, gjort i møte 30.03.2017. Villreinnemnda vart orientert om vedtak ved kopi av vedtaksorientering til søker den 06.04.2017. Vidare syner me til villreinnemnda sin uttale i saka, ref. 4-ff/17swb. Uttalen er referert til i saksutgreiinga. Villreinutvalet for Førdefjella har også send inn ein merknad til saka, som har gått i kopi til villreinnemnda. Den er datert etter at sakspapir var send ut, men i forkant av møtet.

Villreinnemnda meiner at det ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til sårbare naturverdiar i denne saka, der ein skal veie ulempe mot fortrinn. Me påklagar difor vedtaket og bed om at det vert omgjort.

Villreinnemnda rådde ifrå å setje opp ei sankebu i området. Risbotnen og nærliggande fjellområde er sentrale sommarbeiter i Førdefjella villreinområde, og dei er også ein del av kjent kalvingsland. Vedlagt ligg eit kartutsnitt av registrerte funksjonsområde i Førdefjella (Bøthun 2012). Det går der fram at hytta er tenkt plassert høgt i Risbotnen, i eit område som er sentralt i høve til reinens trekkruter mellom ulike delar av villreinområdet. Særleg trekkrutene nord-sør over ein aust-vestgående fjellrygg som naturleg deler leveområdet, og trekk aust-vest på nordsida av denne fjellryggen. Nord-Sør er det Holebottskardet som kan få den mest direkte skaden. Aktivitet i Risbotnen kan også endre rutene mot Vonaskardet som er den andre, viktige ruta nord-sør (nemnd i uttalen). Uttalen frå Førdefjella villreinutval (vedlagt) understrekar kor sentralt det aktuelle området er for reinen, der dei skildrar korleis dyra nytter fjellområda gjennom året.

Det står ikkje bygningar i området før, og området er roleg med lite menneskeleg forstyrring. Det er vanskeleg å føreseie kva for verknad i høve ferdsel bygningen kan få. Med kravet i vedtaket om at den skal stå open, har ein auka attraktiviteten som turmål. Villreinnemnda bed om at ein nyttar føre-var prinsippet i Naturmangfaldlova § 9 i denne saka, då området står i ein absolutt særstilling i høve til å være sårbar for uroing.

Klagen er handsama ved elektronisk vedtak i perioden 06.04.2017 – 20.04.2017. Den vart vedteke med 8 mot 2 røyster.

Med helsing villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Arne J Hauge
leiar

Siri Wølneberg Bøthun
sekretariat

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Kopi til:

Førdefjella villreinutval v. Torger Eimhjellen, torger_eimhjellen@hotmail.com
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane